



VÅGSØY KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

1 av 1

Vår sakshandsamar:
Janne Halsør 57850616

Vår dato:
03.11.2005
Dykkar dato:

Vår referanse:
2005/000981
Dykkar referanse:

Barne- og familiedepartementet

Pb. 8036 Dep.
0030 OSLO

Kopi til:

BARNE- OG FAMILIEDEP.	MASS
ARKIVNR.: 330-01	ÅR.
07 NOV 2005	
SAKSBEH.	SIGN.
SAKSNR.: 2005/03580	

REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN – HØYRING - VÅGSØY KOMMUNE

-068

Forslag til revidert rammeplan har vore ute til høyring i barnehagane. Saka skal opp i Oppvekst- og kulturutvalet 22.november 2005 med følgjande innstilling til vedtak:

”Rådmannen har følgjande framlegg til fråsegn:

1. Planen er tydeleg på at barnehagen er ein læringsarena for barna, noko som styrkjer barnehagen sin plass i samfunnet.
2. Planen er eit eigna arbeidsdokument for personale, foreldre, eigar og tilsynsmyndighet.
3. Innhaldet i planen vert i større grad forpliktande for personalet.
4. Personalet sin veremåte, kunnskap og ferdigheter vert meir vektlagt i høve til læringa hos det einskilde barnet.
5. Barnehagen som pedagogisk verksemd vert framheva. Det føreset at pedagogettleiken ma aukast til 2 pedagogar pr 7-9 barn under 3 år og 2 pedagogar pr 14-18 barn over 3 år. I tillegg må ein vurdere å auke den øvrige bemanninga.
6. Planen understrekar at tverretatleg og tverrfagleg samarbeid er føresetnad for eit heilskapleg tilbod til beste for barna.
7. Innføring av revidert rammeplan krev omfattande kompetanseheving, inkl temahefter. Då er det behov for statlege overføringar.”

Endeleg fråsegn vert ettersendt.

Med helsing

Olav Horn
Kommunaldirektør

Janne Halsør
Styrer barnehage/ Pedagogisk konsulent